

Fil: skitrekk 2. Frå 1998 -> 2018.  
Avslutt 2.4.2018.

## **Skitrekket i Børsetlia - bygging 1968 og litt om drifta frå 1969.**

Det har lege på meg i mange år – å skrive litt om den nære historia til skitrekket i Børsetlia – kva var det eigentleg som låg bak og pusha på slik at det vart eit skitrekk i Børsetlia?

Dette skrivet skal vera spesielt til barnebarna mine, Sigrid, Eivind, Ingeborg, Amund, Eiliv og Olav, men andre kan kanskje ha glede av å lesa det og.

### **Eit lite attersyn.**

---

Ein dag på sommaren 2016 tok eg meg ein tur til Børsetlia og til trekkstasjonen – og mintes litt om gamle dagar. -- Eg mintes det har da gått 50 år sidan vi på alvor bynte å planlegge skitrekk, i alle fall var det i 1966 vi etter anmodning frå Kristian Løseth i SKUI fekk besøk av alpinkonsulenten i Norges Skiforbund – Sverre Lassen-Urdal for å sjå på planene våre. SKUI var det kommunale ungdoms og idretts-utvalg. Eg reknar at dette var starten på prosjektet, men det skulle gå enno 3 år før vi fekk eit skitrekk i drift i Børsetlia. Sverre Lassen-Urdal (1913 – 2005) var ein kjent alpinist før krigen med deltagelse i OL 1936. I 1948, i OL i St.Moritz, vart han nr 11 i utfør.

### **Klondyke-tid i Sunndal.**

I 1950-åra hendte så mange ting av stor betydning i Sunndal kommune. Etter krigen i 1945 gjekk det ikkje så lang tid før anleggsarbeidet med Aura Kraftverk vart sett i gang. Folk kom frå heile landet for å vera med på dette. Det ga arbeid og pengar. Som gutunge var eg ein gong på bedehus-basar, da kom det ein gjeng med kvinnfolk og kara og kjøpte veldig mange lodd – og dei ga tilkjenne at dei hadde mange pengar. Dei gjekk ut av lokalet for å rulla seg ein røyk og mellom røkskyene song dei: «Dette personale er - oppå Toppheis populær». Dei hadde teke så mange lodd at dei var omtrent sikker på å vinne blautkaka, og den åt dei i bislaget til handelslaget, (kanskje var det i mjøk-rampen attmed Handelslaget ikkje langt unna) , etterpå tok dei drosje på Øra .

Jau, det hadde vorte ei klondyke-tid, med pengar i omløp!

Aura Kraftverk kom i drift i 1953. Det store A-verket vart starta 1954, bygd i stor grad av Marshall-hjelp og lån frå USA, og lånet vart tilbakebetalt etter 7 av dei 10 åra lånet var på. Dei som jobba der i førstninga fekk eit kjennemerke – dei vart temmeleg mørke kring augo og i ansiktet, fordi det var mykje sot og svart røyk inne i dei svære hallane ?

### **Snørike vintrar.**

Vintrane i 50-åra var fine for skifolket – i den forstand at det var mykje snø. På Eia gikk vi på ski på skulen , og i langfri-minuttet på ein halv time tok vi turen til Trøbakken for å ta nokre skihopp. Denne bakken låg tett ved skulen. Folk vart freista til å gå på ski, eg

kan hugsa at om helgane gjekk det fleire fulle bussar med folk frå Sunndalsøra utover til Ålvundeidet. Dei køyerde til kyrkja, der var det å få på seg skiene og vandra over ekrene på Børset før den meir bratte Børsetlia vart utfordringa. Før vinteren sette inn kan eg hugse frå barnetida mi på Børset at bøndene tok ut grindene mellom utmark og innmark slik at skifolket kunne koma lett fram, dette hadde vel også med ved-drift og vedkøyring å gjera.

I 1957 vart skihytta i Børsetskaret åpna for gjester, skifolket kunne få kjøpt seg kaffe og godteri, enten for å ha noko å gå på før dei la innover fjellet til Kjerringvatnet, Vardane eller Grånebba, eller på tilbaketuren før dei tok fatt på nedkjøringa av Børsetlia. For mange av dei sprekaste ungdomane var det om og gjera å renna fortast muleg ned, vart det ny rekord no ??

Skihytta vart bygd av Bedriftidrettslaget ved ÅSV Sunndal , og med Martin Husby (1903 - 1979) som leiar og primus motor for dette prosjektet. Trafikken til Børsetfjellet auka mykje etter at Skihytta kom i bruk. For å få transportert materialane opp lia til Skihytta var det brukt ein bulldoser

og etter denne vart det ein veg som fungerte som skiløype om vinteren.

Dette var kanskje spiren til at det vart arrangert slalåmrenn i 50/60-åra, løypa gjekk frå Tverrlia

ovanfor Skihytta og ned Stølsbakken til flata på Stormyra, målet var der vi finn mast 9 i dag. Dette

vart mest ei årleg hending med slalåmrenn for folk frå Sunndalen, dette rennet var ikkje på terminlista for Nordmøre Skikrets. Slalåm-folket kom dagen før rennet og trappa opp løypa

Såvidt eg hugsar var det Per Brøste og broren Steinar som var primus motor for dette . Dei var kome til Sunndalsøra først på 50-talet og hadde med seg sporten frå alpinmiljøet i Øverdalen/Brøstedalen øvst i Romsdalen, der dei hadde vokse opp.

### **Ski-aktiviteten på Nordmøre.**

På Silsetfjellet var det nokre få alpinrenn etter krigen, ski-aktiviteten var for det aller meste hopp og langrenn. Sunndal i.l. hadde mange bra hopparar i 50- åra, Hans Bakkebø (1924 -1994) var den fremste. På Å-eia var Bråttakollen mykje i bruk med hopp opptil 50 m, men mest i bruk var nok Trøbakken, med hopp opptil 35 m. Ingen av desse hadde lys. Trøbakken låg tett ved skolen, og var i bruk både i langfriminuttet og etter skolen. Mange hopprenn for gutter vart arrangert i Trøbakken, jentene hadde enno ikkje bynt med dette.

Kretsrenna var for deltarar frå Nordmøre, i 1970-åra vart kretsen utvida til å omfatte heile fylket. Kretsrenna for dei over 18år som vart arrangert var oftast langrenn på 17 km på laurdag og hopprenn på søndag. På laurdagskvelden var det ofte dansfest på ungdomshuset i bygda, og for langvegsfarande deltarar var det oftast gratis overnatting på heimane i bygda. Det «hang» igjen frå tidlegare at det var kombinert, dvs både langrenn og hopp samanlagt som var den viktigaste disiplinen for skisporten. Og skikken med gratis overnatting gjorde at skifolket fekk «ut og fara» og bli kjent med andre jenter og bygdelaget elles.

I 1953 kan eg hugsa at Ulvungen arrangerte hopprenn for gutter i klassar frå 11 til 16 år i Trøbakken. Det vart bra deltaking, nestan 200 deltarar, og eg vann 15/16-klassen med

eit lengstehopp på 25 m.

I 1953 bars det til realskolen på Tingvoll med meg, der vart ski-aktiviteten for det meste lagt til Reit-fjellet, der det var ein liten hoppbakke på ca 25 m, men vi hoppa også i Gjengsetbakkan, med knappe 50-metershopp Utpå vinteren vart skolemesterskapet arrangert. Jau eg vann hopp og vart nr 3 i langrenn, så starta eg og i slalåmen med langrennski på og vann denne og. Nei, slalåmski hadde eg ikkje råd til da, men det var nokre guitar som hadde stål-kantski med lange reimar til å snoøre skoen heilt fast til skia. . Vinteren 1954 var eg i 17 årsklasse og vann hopp KM junior. I langrenn var det ikkje lov i gå før i 18-årsklasse. Seinare vart det gymnas i Orkdalen, med eit bra hoppmiljø. Eg deltok i hopprenn for dei høgre skolane i Trøndelag, i Gråkallen. Der vart eg nr 3 eine året , andre året vart eg nr 4. I desse renna vart det svært mange gode hopparar. Så eg ser på desse resultata som dei fremste eg oppnådde i hopp i juniorklassen. I to år reiste eg frå Orkdalen til KM på Nordmøre der eg vann KM hopp og også KM kombinert begge åra. Men i langrenn var eg ikkje særleg god, det var nok hoppinga som «berga» kombinerten. Frå 1959 var det skole på NTH i Trondheim og da vart hoppskia lagt på hylla. Mor mi meinte at eg hadde ikkje råd til å dra på skirenn, den tida måtte vi betale både startkontingent, reise og opphold sjølv, idrettslaget hadde ikkje råd til dette. Eg tok hoppskia fram igjen i midten av 60-åra , men da hadde gnisten og dristigheita tapt seg mykje.

Frå 1965 var eg kome tilbake til Sunndalen/Ålvundeidet, med arbeid på A-verket. I byrjinga av 60-åra var det svært dårlege snøvintrar, temmeleg nær snølause. Dei gode vintrane kom tilbake i 1966. Dei to vintrane 1967 og 1968 vart riktig svære snøvintrar, kanskje ikkje så god for bygningsfolket som bygde SuIII desse åra. Drift i SuIII vart det hausten 1968.

Tilbake til mai 1966 – da var rapporten fra Lassen-Urdahl kome og den vart grundig lese. Den er såpass interessant at vi gjengir den her:

---

R A P P O R T  
vedr.  
Befaring i Sunndalen

---

Etter anmodning av Sunndal Kommunale ungdoms- og idrettsutvalg kom undertegnede til Sunndalsøra torsdag 3.mars 1966. Fremmøtt for befaring var formann i Idrettsutvalget (Skui) , Kristian Løseth, og medlemmer Johan Nordvik og Øystein Vollan, Erling Haugen, Sunndal Idrettslag, Richard Grefstad, ÅSV,s Bedriftsidrettslag, Alf Børset, i.l.»Ulvungen». Senere tiltrådte kontorsjef Helge Nerdal ved samlet møte.

En orientering om de muligheter som var aktuelle ble gjennomgått og diskutert, og studert på kartet.

Samtlige dro deretter ut til Ålvundeid på befaring.

Mulighetene for et vintersportsenter i Ålvundeid så meget gode ut. Terrenget og fjellene var meget tiltalende og innbydende for alpin skisport og fjellturer. Utgangspunktet for en skiheis var den beste ved Børsetgårdene. En kort stikkvei (ca 500 m.) fra riksveien til Kristiansund førte dit opp. Her var gode muligheter og god plass for parkeringsplasser

nede ved riksvei og oppe på jordene, og romslig plass på åpne jorder for sanling omkring heisstasjonen for de nødvendige , forskjellige løyper. Den naturlige og beste plass for en heistrase er fra Børset gård og opp til bedriftshytta (skihytta) , lengde ca 1200 m, høydeforskjell ca 300 m. Et avvekslende terreng i glissen skog, ikke for bratt, førte opp til skihytta som ligger omtrent i skog-grensen. Herfra åpner den herligste fjell-verden seg med topper i stort antall fra 1200 – 1350 m. En rundtur til Innerdalen Turisthytte vil sikkert bli av de mest populære.

Selv Børsetlia har store muligheter for et flertall av gode løyper i forskjellig vanskelighetsgrad. En god storslalåmløype for konkurransen , med ikke for stor vanskelighetsgrad kan legges. Internasjonale mål for en slik løype kan nås ved at start legges noe høyere opp ovenfor skihytta, og høydeforskjellen vil da bli 400 – 450 m som er tilstrekkelig. Løyper fra hytta og nærmeste omgivelser vil gi utgangspunkt for fine utforløyper som særlig er gunstige for rekruttering, og konkurransen for jenter og gutter. Traseen for skiheisen må nivelleres på det sted og etter de retningslinjer som ble trukket opp. Ansvaret for gjennomføring herav ble overlagt siv.ing. Alf Børset, som også mottok retningslinjer herfor.

Vikfjellet og Visetlia ble også diskutert og sett på, men forholdene på disse steder ligger ikke tilnærmelsevis så godt tilrette.

Samtidig som denne befaring så også undertegnede, som formann i «skibakkekomiteen» (NSF og STUI) , på to hopbakker i Ålvundeid. Begge ligger meget godt til og kan med små midler bli vesentlig bedre. «Bråttakollen» er en ca 50 m. bakke som for noen få år siden ble besiktiget av Agnar Renolen. Den naturlige beskaffenhet ligger godt tilrette for modernisering-  
Trøbakken er en 30 m bakke beliggende like ved den nye skolen. Små forandringer og elektrisk lys vil gjøre den ekstra populær hos små og store.

Oslo, 10. mars 1966.

Sv. Lassen-Urdahl.

### **Ski-aktivitet i 1960-åra**

Skitrafikken til Børsetfjellet og Skihytta var bra, og slalåmrenna i Stølsbakken gjekk sin gang. Skifolket bynte ein å snakke om skitrekk, kanskje det gjekk an å bygge eit skitrekk frå Stormyra og opp i Tverrlia opp for Skihytta? Da kunne det bli eit større og betre alpinmiljø. Dette kunne vi i Sunndalen og klare, når dei hadde klart det fleire plassar på Sunnmøre og på to plassar i Romsdalen. I Skorgedalen attmed Åndalsnes hadde dei kome i gang med eit større skitrekk som vart drevet av dieselmotor – dei hadde ikkje elektrisk kraft der, dette kunne og gå an i Børsetlia  
meinte sume ! Skitrekk i Børsetlia vart etter kvart eit varmt samtaleemne blant ski-folket. Basisen for skitrekkene som var starta i Romsdal og på Sunnmøre var at dei starta som aksjeselskap, riktig nok utan aksje-utbytte i form av pengar men i form av ski-glede. Alle som var interesserte i

alpinsport kunne kjøpa aksjar , dei ville vera med å skapa noko. Det vart samarbeid med

kommunane , også idrettslaga var sterkt med som aksjonærar og påtrykkarar.

I Sunndal kommune kom SKUI, dvs Sunndal kommunale ungdoms- og idrettsutvalg inn i desse vurderingane og planane som vokt fram. Kristian Løseth (1918 -2003) var leiar i dette utvalget, og han ville få vurdert dette nøyare. I vurderingane og diskusjonane som gjekk kom det fram var det også var interesse for å plassere eit skitrekk på Viklandet, tilhengarane der meinte at Børsetlia var for flat for alpinsport, dessutan var det mindre sol og meir snøfast på Viklandet.

I mars 1966 vart det arrangert NM i alpint på Oppdal. Kristian Løseth tok da kontakt med alpinkonsulenten i skiforbundet som var på Oppdal under NM der. Han heitte Sverre Lassen-Urdahl og hadde sjøl vore ein habil alpinist med deltaking i OL 1936 og nr 11 i utfor i OL i St. Morits i 1948, men kanskje mest kjent som primus motor i Galdhøpiggenet, dette gikk ut på å gå opp på toppen og renne ned igjen, eit nokså hardt løp. Han kom og vurderte dei to alternativa. Rapporten han skreiv er vedlagt og denne gjorde nok til at Børsetlia vart valgt som plassering for framtidig skitrekk . Sverre Lassen-Urdahl var født i USA i 1913, og døde i Oslo 2005. Lassen-Urdahl anbefalte oss å ta kontakt med eit firma som heitte Anleggstransport i Oslo – dei kunne lage eit for-prosjekt for skitrekk i Børsetlia på heilt nøytralt grunnlag. Firmaet Anleggstransport as dreiv med taubane- utbygging for dei mange kraftverk-utbyggingane som foregikk i Norge og Sverige, men hadde også bygd fleire skitrekk. For-prosjektet ville koste 2.500 kr, men dette ville bli ettergitt viss vi inngikk kontrakt om leveranse av skitrekk. Ingeniør Kåre Måløy frå Anleggstransport tok seg ein tur for diskusjon av stoda. For at dei kunne rekna på og vurdere eit skitrekk måtte profilen for skitrekk-trasen kartleggast. Slike saker var ikkje mitt fagområde, og Måløy hadde ikkje tid til å gjere dette sjøl -så eg fekk eit «hurtig-kurs» frå han om korleis dette kunne gjerast med enkle midlar. Det gjekk med ein søndag til dette, og som hjelpesmann fekk eg med meg onkel Anders P. Nergaard , som da var 81 år, som hjelpesmann.

Etterpå kom det pengar frå Anleggstranport for målingane våre – og onkel Anders tykte det var nye tider kome inn i idrettslivet, ein fekk no betalt for ting som ein før måtte gjera utan lønn, samanlikna med korleis det var da han var primus motor for start av idrettslaget Ulvungen i 1908 !!

### **Skitrekk-prosjektet byrja å rulle i gang.**

SKUI og Kristian Løseth sørga for bevilgning av dei 2.500 kronene og rapporten kom frå Anleggstransport. Så langt hadde arbeidet og vurderingane kring skitrekk-prosjektet gjort av eit arbeidsutvalg som var nedsett av SKUI. Ein rapport frå arbeidsutvalget var datert 22.2.1967 og underteikna av Alf Børset,Martin Husby og Helge Nerdal. Elles var Bjørn Hoseth, Richardt Grefstad, og Erik Børset med i arbeidsutvalget. Nevnte rapport av 22.2.1967 gir elles ei detaljert bilde av kva uvalget gjorde , f.eks kontakt med hotelldirektør og skitrekkeigar Erik Schønheyder og alpinkonsulent Odd Aune frå Oppdal, dei kom seinare til Børsetlia og stakk ut hovedløypa, som til å byrja med hadde 30 meters bredde.

Kontakt med Anleggstransport vart gjort, dei leverte skitrekk av type Poma-Lift med enkelt-medbringere, produsert i Grenoble i Frankrike. Rapporten som kom vart nøyne lese,

og konklusjonen var at det burde gå an å drive skitrekk i Børsetlia, vurdert ut frå eit sportsleg og økonomisk grunnlag.

SkUI ville gå vidare med saka , spesielt med bakgrunn i den generelle interesse blant alpin-ski-folket. Skitrekk-prosjektet hadde kome godt i gang, fleire forhold var komme på plass på høstparten i 1966.

I formannskapsmøte den 21.12 , F-sk 493/66 vart prosjektet drøfta med positiv respons, dei gikk inn for å kjøre på vidare med dannelsen av et aksjeselskap etter modell frå skitrekket forøvrig i fylket.

SKUI inviterte derfor til et møte på samfunnshuset den 22.2.-67, der også folk frå kommunen, hotellet og frå handelstanden var tilstades. Det vart da valgt eit interimstyre som fekk i oppdrag å

vurdere starten av eit aksjeselskap med formål anlegg og drift av eit skitrekk i Børsetlia. Interimstyret vart : Alf Børset, formann, Gunnar Berseth, Ingolf Larsen, Per Brøste og Gunnar Reiten.

Noko av det første vi gjorde var å kontakte Utbyggingsavdelingen i MRFylke om hjelp til finansiering av skitrekk-prosjektet, dvs et 2. prioritets lån . Dette var dei ikkje særlig villig til . Så tok eg kontakt med banksjef Gunnar Hafssås i Sunndal sparebank, kunne dei hjelpe oss med et 1. prioritets lån med kommunal garanti på 150.000 kr.? Svaret var et temmelig kontant nei. Så var det å finne andre muligheter, eg tok derfor ein tur til Tingvoll og kontakta banksjef Kåre Hals. Jo, han hadde tru på prosjekt skitrekk i Børsetlia og roste forsåvidt ideen. Han ville ta kontakt med sparebankene i Sunndal og Stangvik og foreslå at dei tre bankane , inkl. Tingvoll S.b. kunne hjelpe oss med lånet på 150.000 kr med kommunal garanti. Ålvundfjording og banksjef Kåre Hals tykte at skitrekk-prosjektet var interessant og sørga i stor grad for at lånet kom i orden med ein tredel på kvar av bankane og med Sunndal Sparebank som administrator. .

Vinteren 66/67 var ein temmelig snørik vinter, og etter påske tok eg meg en tur til Volda, for å ta kontakt med skitrekket og folka som dreiv det. Etter overnatting spurte eg meg fore , og dro til skitrekket på Egset. Eg regna med at det var i drift – det var da godt skiføre og mykje snø i ski-anlegget ennå. Men nei, det var stillt og rolig i anlegget, ikkje nokon dreiv med alpin-aktivitet der. Eg dro så til Egset-garden, der eg vona å finne Rasmus Aarflot, styreformann i skitrekk-selskapet .

Eg vart vel motteken, kona heldt på med søndags-middagen, og dei lurte på om eg var svolten - Jau det vart middag og skitrekkprat heilt til det bynte å mørkne.

På bilturen heimover var eg optimist etter inntrykka eg hadde fått – vi må da klare å få til eit skitrekk i Børsetlia og ??

Deretter var det å ta kontakt med advokat som kunne hjelpe oss med oppstart av et aksjeselskap, og kva skulle selskapet heite ? Etter fleire forslag fann vi fram til namnet A/S Sunndal Fjellheis, og aksjene skulle lyde på 100 kr. kvar. Sammenligna med dagens pengeverdi var vel dette lite, men ein kan kanskje ta i betraktning at gjennomsnitt timelønn på A-verket for folk som jobba på dagtid låg på ca 12 kr. i 1967, eller ca 26.000 kr pr år. Ja ein kan vel samanlikna på fleire måtar. Vi tok til å selge aksjar, med at vi for frå dør til dør og tilbaud aksjer, eller tok kontakt på annan måte. Som eit lite salgstriks meinte vi at aksjeigarane burde få ein fri tur med skitrekket pr sesong og aksje når det kom i drift, utan at vi serleg tenkte på at ei slik ordning vart nestan umuleg å

administrere. Men både vi og aksje- kjøparane meinte vel at noko særleg aksje-utbytte i form av pengar var svært lite realistisk , det var nok idealismen for skisporten som var drivkrafta for aksjetegninga . Vi noterte naturlegvis ned namna på dei som kjøpte aksjar, enten dei betalte kontant eller betalte inn på kontoen til AS Sunndal Fjellheis i banken. Men vi var ikkje klar over den gongen at vi også måtte få aksjeeigarane eigenhendig til å skrive under på at dei ønska aksje for det dei betalte inn, aksjeloven forlangte dette. Ja vi måtte naturlegvis bøye oss for aksjeloven for at selskapet skulle bli registrert, så det vart ein ny runde for å samle underskriftene.

I det store og heile var vi fornøgd med aksjetegninga , ca 190 aksjeeigarar teikna seg for knapt 35.000 kr. dei fleste hadde nok teikna seg for ein eller to aksjar . Men haken låg i at vi hadde sett ein minimum aksjekapital på 60.000 kr på aksje-innbydinga. Vi måtte derfor be Sunndal kommune om at dei teikna for ca 26.000 kr i aksjer.

Dette gjekk i orden og dei juridiske sakene omkring selskapet vart ordna slik at selskapet kunne juridisk bli starta på den konstituerande generalforsamlinga den 20. november 1967.

Denne vart halde i Grand Hotell Sunndalen. Som formann i interimstyret åpna eg møtet med å legge fram dagsorden til dei frammøtte 30 aksjonærane. Av dei første punkta på dagsorden var å velge dirigent og protokollfører, desse vart Gunnar Berseth og Bjørn Hoseth.

Dei nødvendige papir vart lagt fram, og dei foreslårte vedtektena vart behandla punkt for punkt. Som formann i interimstyret orienterte eg om kva vi hadde arbeidd med fram til da, spørsmål vart stillt og svara på. På vegne av interimstyret foreslo eg da at selskapet skulle stiftast – og ingen var uenig i det.

Valg av styre vart: Alf Børset, formann, Rolf A. Furu, Per Brøste, Richard Grefstad og Arthur Svensson (politisk valgt, repr. For Sunndal kommune)

Varamenn til styret: Kristian Løseth, Peder K. Furu og Ingvar Eidsvåg.

Så vidt eg huskar vart alle enstemmig valgt. Kan nemne her at i seinare konstituering av styret vart Per Brøste valgt til nestformann i styret, Richard Grefstad vart vald som sekretær.

Ved stiftinga var aksjekapitalen på 64.400 kroner.

---

Frå denne tida hugsar eg dei mange juridiske fallgrubene vi skulle ramle ned i, med f.eks tilbakesending frå sorenskrivaren fleire gonger på grunn av feil vi gjorde og som vi da karakteriserte som pirkeri. Men vi kom da fram tilslutt, A/S Sunndal Fjellheis vart registrert ved

Nordmøre Handelsregister den 4. april 1968.

På vårparten 1968 kunne vi sjå tilbake på enno ein svært snørik vinter. Dette ga oss på ny ei tru på at eit skitrekk ville ha levelege vilkår i Børsetlia

I april tok ingeniør Kåre Måløy frå Anleggstransport seg ein tur til oss og diskuterte planene og stoda så langt. Måløy var nordmøring, og bror til «Aura-Watt- Måløy» på Sunndalsøra.

Litt seinare kom Bjarne Angvik, maskiningeniør og kollega med K.Måløy på besøk. Han var frå Eidsøra og hadde med seg sambygdingen Erling Svensli, også ansett i Anleggstransport , han hadde med salg og service av tråkkemaskinene «Kassbohrer» å gjera, som firmaet hadde agentur på.

--  
Litt seinare vart kontrakten med Anleggstransport skreve under for leveranse av skitrekket Poma B50 før sesongen 1968/69 byrja. Kontraktsummen var på 240.000 kroner som innbefatta stål-konstruksjonane , trekkwire og mekanisk og elektrisk utstyr. I tillegg rekna vi med at framføring av elektrisk strøm, bygging av 10 mastefundament, parkeringsplass, betjeningshytte og transport av materialer opp lia ville koste 120.000 kr. Budsjettet for ferdig skitrekk var altså 360.000 kr i reie pengar , verdien av planlagt dugnad var ikkje medrekna her.

Det første vi måtte gjera var detalj-planlegginga, vi måtte bestemma om vi skulle ta den grunnleggande planlegginga sjøl eller å få eit firma , eventuelt byggmester til å foreta innkjøp og transport opp lia, og gjera sjølve grov-arbeidet med mastefundamenta. Vi bestemte oss for å gjera dette i eigen regi, men det betydde at det vart svært mykje arbeid på meg. Vi måtte få tak i lokale folk som hadde erfaring med bygge-saker. Eg fekk anbefaling om å spørja Magnar Innerdal, han var ein dyktig «altmuleg-mann»,og åtte ei bergbor-maskin og hadde erfaring med fjell-sprenging, samt Knut Talgø som var heime på Valsøy denne sommaren, på sommarferie frå lærarjobben innan handverksfag på jordbrukskulen i Troms som han jobba på. Som tredjemann vart Ola Børset med, odelsgut og laus-kar på Mela. I siste veka av byggeperioden vart også Erling Brevik med. I dag er alle desse karane døde. Avtalen om timebetaling gjekk fort og greitt for seg , dei ville ha det same som dagtid-folket på A-verket fekk, så det vart kr 12 pr time . Så måtte byggevarene kjøpast inn: Teikningane av fundamenta kom frå

Anleggstransport, i dei måtte vera forbindingsjarn. Det var ingen av våre folk som var jernbindar, men eg fekk Alvin Pedersen på byggeavd. på A-verket til å gjera dette på fritida og på sin vante arbeidsplass, etter avtale med verkets folk kunne han ta 12mm armeringsjern frå lageret der mot seinare oppgjør med A-verket, og at vi betalte Pedersen for jobben. Da vi skulle kjøra jernbindingane utover til Børsetlia fann vi ut at vi burde ordna parkeringsplassen for skitrekket – denne kunne no vera grei å ha til å plassere sand, sement og singel og konstruksjonane for skitrekket når dei kom frå Frankrike seinare på hausten. A. Engens folk kom med ein svær shovel og ordna dette.

Frå Verket hadde eg sett at bygningsingeniør Sigurd Gussiås fleire gong hadde streva seg opp og ned Børsetlia – kunne han ta med instrumentet sitt å hjelpe oss med å fastsette den heilt rette linja for det planlagte skitrekket, så kunne han seinare få dugnadsgodtgjørels i form av turar med skitrekket ?? Jau dette gjekk i orden, og siktepinnar vart sett ned . Lorentz Walseth hadde kjøpt seg ein stor traktorgravar som han brukte mykje til å laga skogsvegar til folk i bygda, han var ein «kløppar» til å koma seg fram med maskina si i ulendt terreng var det sagt. Han tok på seg å grava hola for fundamenta

Så måtte mange varer transporterast oppover lia til der mastene skulle plasserast: For kvart fundament måtte den riktige og nødvendige mengde sand, sement og singel ligge, dette var tunge varer som det ikkje gjekk an å kjøre oppover med ein landbruksstraktor, vi måtte leie ein beltegåande transport-maskin, som dei kalla for «muskegg» av muskeye, det kanadiske ordet for myr – altså ei transportmaskin som kunne kjøre på myr. Ei slik maskin fekk vi leige frå Rindalen, eigaren Magnar Løseth kom og køyde sin «muskegg». Over belta var dette kjøretøyet påmontert transport.kassar, som sand og singel måtte makkast oppi – og makkast av - med spade.

Eg måtte så lære meg korleis ein rekna på betong, kor mykje måtte det til av sement, sand og singel foor å få f.eks ein kubikkmeter betong, og kor mykje måtte til av ingrediensane til eit maste-fundament ? Jau eg fann nokre bøker som omhandla dette, og eg ringte vel også til onkel Arne i Oslo. For kvart fundamentr måtte det reknast på dette og det måtte også vera rett slik at det ikkje vart for lite materialar. Utpå hausten - etter at alle fundamenta var støypt ferdig viste det seg så at eg hadde rekna rett, det var fint lite materialer som ikkje var brukt !

Det første karane gjorde var å snekkere forskalingslemmer. Da alle mellom-master hadde like fundament var det å lage lemmer somm kunne lett demonterast etter kvart som støypinga gjekk framover, fire lemmer kunne settast saman og forsterkast med firkant-band av 2x4 tom og demonterast, for så å flyttast til neste mastepllass. For endestasjon og topp-stasjonen måtte spesielle forskalingar til. Per Brøste laga ein mal som kunne plasserast på toppen av forskalinga og som var heilt lik innbyrdes hola på mastene og som skulle festast godt med dei innstøypte kraftige boltane – ca 50 mm i diameter !

Blandemaskin for betong, med bensin-motor vart innkjøpt, denne kunne dei dra med seg oppover lia etter kvart, vi byrja nedanfrå, siste støping skjedde på vende-masta heil oppe ved Tverrlia. Karane brukte ca ein månad, i juli -68 på fundamentstøypinga. Vi var svært heldig med veret, det kom ikkje ein dråpe regn i juli dette året.!

Etter at støypinga var ferdig og forskalingslemmene opplagt ved vendemasta fekk vi så Lorentz W med sin gravemaskin til og ta seg ein ny tur oppover lia – denne gong for å fylle på jorda og planere kring dei nystøpte fundamenta.

Etter at fundamenta var ferdige vart det ei ventetid - det vart vel fleire telefonar til Oslo med spørsmål og masing om når sjølve skitrekket og montørane kom til Børsetlia ??.

Svaret var som oftast at fabrikken i Grenoble hadde det veldig travelt med å levere Poma-Liftar utover heile Europa. Utpå haustparten kom det så fleire lastebilar med skitrekk-utstyr og fleire traktor-eigarar fekk i oppdrag å frakta utstyr oppover lia. Dette gjekk ganske bra i det forholdsvis tørre veret, sjølve mastene på 7-8 meters lengde vart drege oppover ved hjelp av tømmer-vinsj.

Så kom montørane og det var vi som hadde ansvaret for opphold, mat og losji. Opphold på hotellet på Øra var eit alternativ. Den eine var ein tilårskommen og dreven mann innan anleggsarbed og montering , bl.a. frå Tyin Kraftanlegg i Øvre Årdal. Hen heitte Hatlebrekke , og var frå Sogn, og var nok «sjefen» av dei to. Den andre var Marthinsen, og var frå Lillestrøm. Eg måtte da spørje dei om dei godtok opphold på Lykkja, som var den nærmaste plassen til skitrekket eg kunne tilby.

Montørane hadde eg mykje kontakt med på kveldstid. Det viste seg at dei var svært fornøgd med å bu på privat basis – dei var vande med hotell-opphold og som kunne vera svært kjedeleg i lengda, meinte dei. På Lykkja vart dei godt teke vare på med både TV og klesvask, og mat når dei ønskte det.

Ja, det var ei spennande tid – etter kvart som monteringa gjekk framover. Planene for framföring av elektrisk kraft var ei tid ei vanskeleg sak. Ålvundeid Kraftlag lova oss el.kraft på noko rare betingelsar - leiaren Jon Bugge forstod nok at montering av høgspentmaster og luftledningar ville by på protestar frå grunneigarane, og eg måtte vera enig i dette: det kunne ikkje bli fint med store master. Magne Aasbakk frå Kraftforsyninga kom med den gode ideen: Grav ned jord-kabel i kommunevegen og ekra fram til trekkstasjonen, dermed kunne vi unngå skjemmande master. På høgspent-masta

på Børset vart ein trafo montert , gikk frå 20kv ned til 1kv i kabelen, rett ned for betjeningsbua vart ei ny trafo montert, som transformerte frå 1 kv til 230 Volt. Dette passa godt både for sleperingsmotoren for sjølve skitrekket som var på 33 kW og el-utstyr førvrig.

Magnar Innerdal vart engasjert med bygging av betjenings og billettbu. Etter at denne kom opp vart det elektrisk montering – dei viktigaste betjeningsorgana vart montert innomhus.

Monteringa gjekk fram mot juletider og midt på desember prøvekjørte eg anlegget på svært lite snø, Hatlebrekke ville at eg skulle vera førstemann, og dette var ein interessant opplevelse, snart får vi setja i gang offentleg kjøring, tenkte eg. Men jula gjekk sin gang, med første jul for Dordi og eg som kall og kjerring i eige hus på Øra. Vi lengta etter meir snø , men det kom lite.

Korleis låg det an med kostnadene for skitrekket ? Pr.1.1.1969 såg det ut at vi hadde passert 360.000 kr i investeringar, m.a.o. ei relativt liten sprekk.

Det som stod i gjen var den offentlege godkjenning frå Taubanetilsynet. Ein mann kom omsider frå Trondheim for å sjå på skitrekket vårt, det var ein nyleg utdanna maskingeniør. I midten av januar kom brevet med den skriftlege godkjenninga – no var det berre å setja igang.

Annonse vart sett i Aura Avis og laurdag den 17.januar i !969 vart den første dagen med off. drift. Og folk strøymde til for å prøva det første skitrekket på Nordmøre.

## Den første driftsdagen med skitrekket, 17.januar 1969.

Det var svært lite snø i Børsetlia dei første helgane vi hadde drift det første året. Sett ut frå dagens krav burde skitrekket kanskje ikkje ha vore i drift. Men det var godt å vera igang, det var «førkunn-dagar» - vi hadde venta så lenge på dette, steinar og humpar nederst i løypene gjorde liksom ikkje noko , sjøl om dei nye alpinskia med delte stålkantar fekk ein hard medfart. I nivå med Skihytta var det bra med snø, det var stor «landmonn».

Billett-prisen var kr. 3 for enkelttur voksne, kr. 1,50 for barn. Dagskort solgte vi ikkje første åra, men vi hadde klippekort og sesongkort. Første driftåret var prisen for sesongkort 150 kr for voksne og 100 kr for barn. Det høyrest kanskje billeg ut i dag, men prisar har forandra seg dei siste 50 åra. Billettar og kioskvarer vart selt frå den nye bua av Ane Børset. Magnar Innerdal var skitrekk-operatør annakvar time og han vart avløyst av oss frå styret som var tilstades , det var vel som oftast nestleiar Per Brøste og meg.

Skitrekket var av typen B50, med 72 enkelt-medbringarar. Dei måtte utløysast manuelt - skitrekk-kjøraren drog i snora når skifolket hadde fått medbringaren mellom beina.

Trekkwiren gjekk med konstant fart – 3,4 meter pr sekund, og medbringaren «festa seg på wiren » når skitrekk-operatøren bestemte det - ved trekk i utløysar-hendelen.

Kjøretida opp var ca 6,5 min, Med alle hengarar ute på wiren vart det køyrdt med maks antal turar, som dermed vart ca 340 turar pr time. Hatlebrekke meinte at det ville gå med 75 hengarar, og dermed auka kapasiteten til 360 turar pr time.

---

Dei første fem driftsåra var plaga av lite snø, og inntektene vart svært dårleg. Vi måtte ha hjelp frå kommunen for å klare nedbetaling av lån dei første 5 åra, dette vart ordna ved at aksjekapitalen til kommunen auka. Dette prinsippet vart lagt til grunn i mange år framover – og som ville føra tll at kommunen tok heilt over A/S Sunndal Fjellheis med tida.

Frå slutten av 70-åra vart det gode snøvintrar, og økonomien ordna seg meir og meir , vi kunne legge fram regnskap som viste overskott visst vi ikkje foretok avskriving i regnskapet. Det gjekk på sett og vis bra, slik at da dei store investeringane i 1986 - med nytt skitrekk kom - hadde vi 350.000 kr i eigenkapital å setja inn. Men fram mot dette året fekk eg mykje kritikk for å vera for sparsom i «økonomisk filosofi», ikkje vart det snøskooter og ikkje trådlause telefonar, og eg var vel nokså lunken til innkjøp av ny og stor tråkkemaskin med 4,2 meter bredde.

--

Første driftsåra hadde vi ikkje tråkkemaskin, den kom først i 1975, ein østeriks «Ratrac» med bensinmotor og gammaldags driv-verk, denne maskina hadde gått 3 år på Oppdal og 2 år i Molde. I 1980 kjøpte vi ein brukta Kassbohrer med hydraulisk drivverk og diesel-motor på 100 Hk, som vi hadde til 1986.

I ettertid kan ein lure på korleis vi klarte oss dei 6 første driftåra utan tråkkemaskin?? Nei det var ikkje så fine løyper i Børsetlia, men folk var med å tråkka med skia på, men det var nok dei som prøvde å unngå dette. Da vi først fikk tråkkemaskin måtte vi ha ein dyktig og habil bil/maskin/reparatør i vår midte, som kunne trå til på kort varsel, det var mykje reparasjon med denne maskina. Den habile maskin-mannen/reparatøren vi fekk inn i styret og i «gjengen» var Oddmund Torve som gjorde ein flott innsats – med bl.a. å skifte girkasse i snøstorm !!!

Vi var heller ikkje åleine om å leve med trøblete tråkkemaskiner – det var ei kjent sak for skitrekk omkring oss.

Utpå vinteren 69/70 vart det betre med snø i løypene, sjøl om det var store og farlege steinar og røter som var «ubehagelege». Men trafikken til Børsetlia var eigentleg bra, folk møtte opp for å drive sin alpin-sport.

--

Vi kunne ikkje ha så dårlege løyper framover, men det var ikkje pengar til å leie maskiner for å jamne ut løypene. Først i 1980 vart det muleg å få tippemidlar , Vi fekk da tippemidlar for planering av hovedløypa .

Drifta av skitrekket og aktivitet det skapte - tenker da på alpinsporten - burde få ein eigen presentasjon. Det vart ein fin framgang innan alpint, og som nok var vår hoved-interesse for å starte med bygging og drift av skitrekk i Børsetlia. Dette kan eg sei lukkast , og drift av alpingruppa var det bror Per Børset som tok seg av. Han la grunnlaget for å arrangere alpinrenn og i stor grad å få reisa ut på alpinrenn i Surnadal, Oppdal,Dombås, Molde og fleire plassar på Sunnmøre. Per fann og på å laga premiar av aluminium, med bl. a. graveringar på, og som vart populære.

--

Her vil eg kort nemna litt om hovedpunktata i historien fråstarten og utover:

I 1980 kjøpte vi ei brukta Kassbohrer-100 tråkkemaskin, som vi hadde fram til 1986.

Det kom eit sterkt ønske om lysanlegg og eit lite skitau frå alpinfolket for å meir kunne trenna på kveldstid, dette vart bygd i 1982/83 på Steinaslettet ned for hoved-trekket. Dette

skitauet vart solgt  
for nokre år sidan. «Stortrekket» hadde snart virka lenge nok etter ca 16 års drift. Det var mest som eit folkekrav som kom fram: Vi må få eit større skitrekk med mykje større kapasitet, det vert altfor lenge å stå i kø i Børsetlia !

--  
Etter vurdering og godkjenning frå formannskapet kom vi fram til at vi måtte bygge om skitrekket vårt for å klare ein vesentleg større trafikk, i samråd med Anleggstransport meinte vi at eit Poma -

Lift H210 med kapasitet 1000 turar pr tme kunne passe. Nye fundament for ny trekkestasjon og toppstasjon vart bygd på dugnad, to nye mellom-master måtte settast opp, og det nye trekket vart montert frå høsten 85 , den 6.mars 1986 kunne vi invitere til «Nye Børsetlia». I samme året vart det planert og ordna med lysanlegg for ei ny løype ved sida av stortekket til omtennt midt oppi lia. Slik har det fungert – med mindre justeringar heilt til våredagar i 2018.

Ei moderne varmestue med bl.a. sanitæranlegg og garasje for trakkemaskin vart bygd i 1990-åra.

---  
To av oss i styret i A/S Sunndal fjellheis – Per Brøste og eg hadde vore med i skitrekk-prosjektet heilt frå starten av. I 1994 sa vi frå oss jobbane , vi var vel både leie og slitne etter 26 års innsats og meinte at andre kunne ta over i styre og stell for skitrekket i Børsetlia. Som takk for innsatsen fekk vi bl. a. fri kjøring så lenge vi lever til Dordi og Alf Børset , samt Liv og Per Brøste.

Til slutt: Vonar at nokon kan skriva meir detaljert om drifta av skitrekket i Børsetlia og alpinaktiviteten der frå 1969 til våre dagar. Årsmeldingar og regnskap finns bl. a. i kommunale arkiv og ellers har eg gøynt på årsmeldingar og regnskap fram til 1994, og avisutklipp frå skitrekk-drift og alpin-sport i Børsetlia.

Børsetlauvet 31 , 31.mars 2018

Alf Børset.